

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 35/2005

Møtedato: 7.9.05

Arkiv nr: F 226

F 226. Sørre Trøllhøvd – veg

Steinar Kvåle søkte i 2000 om å få forlenge vegen som går frå S 705 (Olav Bråten) til hytta si som ligg på stølsutmålinga S 588 (Steinar Kvåle).

Olav Bråten ynskjer ikkje at det blir laga veg her. Bakgrunnen er fare for forureining av vassskjelde og at det blir eit skjemmaende sår i kulturlandskapet.

Fjellstyret såg på saka saman med Statskog, Steinar Kvåle og Olav Bråten under befaring den 24.08.01. Under befaringa vart ein samde om ei veglei som starta ved F 97 og gjekk langs gjerdet til S 588. Det var ei kolgrop ved sida av vegleia. Vegen måtte derfor gå inn på inngjerdinga til F 97. Denne inngjerdinga var for stor og det var derfor aktuelt å redusere denne likevel.

I ettertid er hytta selt og Kvåle og den nye hyttefestaren har i fellesskap skrive til Statskog og bedt om at dei får laga til innkjøring ved stølen til Olav Bråten. Statskog har bedt Olav Bråten om uttale til søknaden. Han står ved tidlegare protest og meiner ein skal stå ved avtale som vart gjort under befaringa.

Det beste for alle partar vore kanskje om hytta kunne flyttast ut frå stølsjordet. Hytta er ikkje større enn at ho kan flyttast heil med kran og lastebil. Eventuell ny plassering må ein sjå på under befaring.

Fjellstyret gjorde følgjande vedtak i sak 80/02:

Fjellstyret finn ikkje at det er lagt fram nye opplysningar som tilseier at ein skal endre avtale som vart gjort under befaringa.

Fjellstyret ber festaren vurdere alternativet om å flytte hytta ut frå stølsjordet.

Den nye hyttefestaren, Vemund Imrik, skriv i brev datert 14.6.05 følgjande:

A.

Vi er kjent med at det har vært en del korrespondanse mellom Statskog, Vestre Slidre Fjellstyre, Ole og Grete H. Østbøll, Olav Bråten og Steinar Kvåle knytta til sistnevntes søknad om vei fram til feste 226. Vi er også kjent med at det har vært en befaring i forbindelse med søknaden.

Dette har vært en sak før undertegnede kjøpte hytta. Vi kunne som nye hytteeiere egentlig tenkt oss en mulighet for å være med på en ny befaring. Dette for mer inngående å høre andres synspunkter i saken og for å kunne fremlegge egne.

Dette er våre synspunkter og ønsker hva gjelder vei til hyttefeste 226:

1) *Vi mener at naturinngrepet ville bli for stort med vei ovenfra forbi Østbøll (feste 97). Kullgropa som ligger der er en ting, at veien vil bli lang og ødelegge en større del av terrenget er en annen ting. Vi ønsker derfor ikke vei ovenfra.*

2) *Vi ønsker primært vei nedenfra, forbi stølen til Bråten (stol 705). Det går allerede en vei til Bråtens stol. En forlengelse av denne vil ikke gjøre altfor store ødeleggelse i terrenget. Det er snakk om bare ca. 50 meter og det er ikke mye vegetasjon der. Etter vår oppfatning ser det faktisk nesten ut som om det skulle ha gått en vei der fra før!*

3) *Dersom Vestre Slidre Fjellstyre og Statsskog bestemmer at det ikke kan lages vei til hytta vår, ønsker vi at det kan lages til en parkeringsmulighet nedenfor hytta (før vannkilden), slik at det kan være plass til to biler der. Slik det er nå er det bare så vidt plass til en bil, og da står vi kloss inntil gjerdet for ikke å sperre veien til Bråten.*

4) *Det er selvfølgelig uaktuelt å flytte hytta.*

B. *Gjerde er satt opp av og tilhører (som Steinar Kvåle selv sier) setervollen, og ikke hyttefester. Vi vil bare bemerke at gjerdet har åpning i to ender og således ikke vil hindre sauenes ferdsel eller beite.*

Vedtak:

Fjellstyret kan ikkje så det ligg føre nye moment i saka og finn ikkje å kunne endre tidlegare vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Hilde Berge deltok ikkje i behandling av saka.

Vestre Slidre fjellstyre den 8.9.05

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Vemund Imrik
Olav Bråten